

Preike til langfredag i 2021 i Norheimsund kyrkje over Mark 14,26-15,37

I den gode kriminalromanen kjem avsløringa av mordaren på siste side overraskande på lesaren. Mordagen er den minst sannsynlege, sjølv om me gjennom boka har fått små teikn på kva som eigentleg skjedde.

I den fullendte kriminalromanen er det lesaren sjølv som er mordar. Eg las eingong om ein forfattar som hadde denne draumen, skriva denne fullendte romanen som enda med at lesaren sjølv var mordar.

Soga om Jesu liding og død har begge desse aspekta med seg, både det overraskande og avslørande – på den siste dagen – og ein fullenda draum, lesaren er med i det heile.

For dei skjønna ikkje kva som skjedde. Om meisteren sjølv brukte sterke ord: På den tida byrja han å tala om at han skulle lida og døy – og Peter tok han til sides – Vik frå meg, Satan!.... Ikkje berre ein gong men tre gongar... Fell ikkje kveitekornt i jorda og døyr, Om så alle forlet deg..... Og hanen gol, to gongar. Dei skjønna det ikkje.

Me lever om lag to tusen år etter at det skjedde, me har fordelan av å sjå det heile i samanheng, ein samanheng dei som levde opp i det ikkje såg så klart, i alle høve ikkje der og då. Me har sett nøkkelen, nøkkelen som var der frå eldgamle dagar: Han var dømd uskuldig i vår stad.

Men han vart såra for våre brot
og sundbroten for våre synder.
Straffa låg på han så me skulle ha fred,
og ved hans sår har me fått lækjedom.

Og når me les og høyrer, så ser me og skjønar: Han gikk den tunge veien.. Han gjorde det for oss, for alle og for oss.

Kvar er din stad i sogas om Jesu liding og død? Om du skulle velja, kvar ville du slå deg ned, flytta inn, kva talar til deg i dag, noko anna enn for ti år sidan? Eller for fire år sidan, då me sist i vår kyrkje las lidings-soga slik ho står i evangeliet etter Markus på langfredag?

Flyttar du inn på Oljeberget, der Peter seier: *«Om så alle vender seg bort frå deg – eg gjer det ikkje.»* 30 *Jesus svara: «Sanneleg, eg seier deg: I denne natta, før hanen gjel to gonger, skal du forneakta meg tre gonger.»* 31 *Men Peter tok sterkare i og sa: «Om eg så må døy med deg, skal eg ikkje forneakta deg!»* Det same sa dei alle.

Eller vandrar du i hagen, i Getsemanehagen: *Så tok han med seg Peter, Jakob og Johannes. Han vart gripen av angst og gru 34 og sa til dei: « Mi sjel er sorgtyngd til døden. Ver her og vak!» 35 Så gjekk han eit lite stykke fram, kasta seg til jorda og bad at denne timen måtte gå han forbi, om det var råd. 36 «Abba, Far!» sa han. «Alt er mogleg for deg. Ta dette begeret frå meg! Men ikkje som eg vil, berre som du vil.» 37 Då han kom attende, fann han dei sovande.*

Rømer du saman med læresveinane ut av hagen: *48 Men Jesus sa til dei: «De kjem med sverd og stokkar og vil gripa meg, som om eg var ein røvar. 49 Dag etter dag var eg hos dykk på tempelplassen og underviste. Då tok de meg ikkje. Men dette har hendt for at skriftene skulle oppfyllest.» 50 Då forlét alle Jesus og rømde bort.*

Er du som den nakne, unge mannen: *Dei tok han, 52 men han sleppte linkledet og rømde naken.*

Eller er du ein av dei som sit rundt bålet på gardsplassen: *54 Men Peter følgde etter Jesus, eit langt stykke unna, til han kom inn på gardsplassen hos øvstepresten. Der sette han seg mellom vaktmennene og vermdde seg ved elden.*

Er du hjå øvstepresten: *60 Då reiste øvstepresten seg, steig fram og spurde Jesus: «Har du ikkje noko svar på skuldingane mot deg?» 61 Men Jesus tagde og svara ikkje eitt ord. Atter spurde øvstepresten: «Er du Messias, Son til Den høglova?» 62 Jesus svara: «Det er eg. Og de skal få sjå Menneskesonen sitja ved høgre handa til Den mektige og koma i himmelskyene.» 63 Då reiv øvstepresten sund kappa si og sa: «Kva skal vi med fleire vitne? 64 De har høyrte korleis han spottar Gud. Kva meiner de?» Alle felte den dommen at han var skuldig til å døy.*

Gret du med Peter: *71 Men han sette i og banna og svor: «Eg kjenner ikkje denne mannen de snakkar om.» 72 Straks gol hanen andre gongen. Då kom Peter i hug det Jesus hadde sagt til han: «Før hanen gjel to gonger, skal du fornehta meg tre gonger.» Og han brast i gråt.*

Eller undrar du deg med Pilatus: *4 Då spurde Pilatus han på nytt: «Svarar du ikkje? Høyr alt det dei skuldar deg for!» 5 Men Jesus svara ikkje eitt ord, og Pilatus undra seg.*

Er du i cella til Barabbas: *Ein som vart kalla Barabbas, sat fengsla saman med nokre andre opprørarar som hadde drepe ein mann medan opprøret stod på... 11 Men overprestane eggja opp folket til å be om at han heller skulle gje dei Barabbas fri. 12 Då tok Pilatus til orde att og sa: «Kva vil de då at eg skal gjera med han som de kallar kongen over jødane?» 13 «Krossfest han!» skreik dei tilbake. 14 «Kva vondt har han så gjort?» spurde Pilatus. Men dei skreik berre endå høgare: «Krossfest han!» 15 Pilatus ville gjerne gjera folkemengda til lags. Han gav dei Barabbas fri, men lét Jesus bli piska og gav han så over til krossfesting.*

Er du i borggarden og ser kappa og klungerkruna: *16 Soldatane førte no Jesus inn i borggarden i det som blir kalla pretoriet, og samla heile vaktstyrken. 17 Dei kledde han i ei purpurkappe og fletta ei tornekrone og sette på hovudet hans. 18 Så tok dei til å ropa: «Ver helsa, du konge over jødane!» 19 Dei slo han i hovudet med ein stokk, spytta på han og la seg på kne og hylla han.*

Eller er Golgata staden din: *33 Då den sjette timen kom, vart det mørkt i heile landet, og mørkret vara til den niande timen. 34 Ved den niande timen ropa Jesus med høg røyst:*

« Eloï, Eloï, lemá sabaktáni?»

Det tyder: « Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?» 35 Nokre av dei som stod der, hørde det og sa: «Høyr, han ropar på Elia.» 36 Då sprang det ein fram og fylte ein svamp med sur vin, sette han på ei stong og ville la Jesus få drikka. «Vent,» sa han, «lat oss sjå om Elia kjem og tek han ned.» 37 Men Jesus ropa høgt og anda ut.

No er me stille to minutt medan me grunnar over dette, vår stad i teksten.

I den fullendte kriminalsoga var det lesaren som tok livet av offeret. I soga om Jesu liding og død er det Jesus som tek straffa for menneskeslekta sine brotsverk, for mine brot og for dine brot. Han er den skuldige. Han er den uskuldige.

Me treng mange og ulike ord for å famna alt som ligg i dette. Han ofra seg sjølv, han bar våre synder. Agnus Dei, Sjå, det Guds lam, som ber all verdsens synder syng me i nattverden. Han forsona verda med seg sjølv då han tok vekk det som stengde, synda, Han betalte skulda, han vann over Satan, Jesus var løysepengen. Han døydde i vår stad, i min stad. Og me skal syngja: Takk at du tok mine synder

I møte med ein heilag Herre har me ikkje noko anna å stilla opp med enn det han sjølv gjorde.

Og så ser me, om nokre dagar, at døden er ikkje det siste. Og då vert det openberra kva som eigentleg skjedde, kven som drog i trådane, og alle trådane får sin plass i frelseshistorieeven.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var, er og vera skal ein sann Gud, frå æve og til æve. Amen.

spr Lars Arne Vik